

Førebel's roleg i båthamnane

20.04.2011



Vi skriv onsdag føremiddag og førebels er innrykket lite i båthamnane i Uskedalen. Men det er venta større besøk utover ettermiddagen. Det er slett ikkje alle som har teke påskeferie enno.

Fleire bergensarar er imidlertid på plass og millom dei er Fana-familien Åland/Brekke i den staselege 49-fotingen Freidig.

Ørjan Ådland, Britt Brekke og jentene Tiril (11 1/2) og Idunn (10) Brekke er i Uskedalen andre gongen men første gongen i påska og dei planlegg å vera har nokre dagar.

- Vi plar å segla og gå, men denne gongen skal vi sykla litt, seier Ørjan som så langt ikkje har vore klar over den fine sykkelvegen opp dalen.

Ellers har han segla heile livet, men båten han har no vart kjøpt for eitt år sidan og førebels har dei berre rukke å ta ein tur med han til Shetland.

No står imidlertid ein langtur på programmet.

- Vi tenkte på Nord-Afrika, men det er neppe eitt fristande mål akkurat no.

Kanskje blir det Madeira i staden, seier Ørjan.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)